

KYRKJELEG FELLESNEMND FOR OS SOKNERÅD OG FUSA SOKNERÅD

HOVUDUTSKRIFT

År 2019, den 6. mars, hadde partssamansatt utval (PSU) og kyrkjeleg fellesnemnd (FN) møte på kyrjekontoret, Eikelandsosen.

PSU tok til kl.18.20 og var slutt kl.20.05.

FN tok til kl.20.05 og var slutt kl.20.07.

Innkallinga var sendt representantane og vararepresentantane den 26. februar 2019.

Desse møtte frå partssamansatt utval:

Forutan dei som møtte frå kyrkjeleg fellesnemnd møtte tilsettere representantane Monica Refsdahl frå Os og Iman de Zwarte frå Fusa.

Desse møtte frå kyrkjeleg fellesnemnd:

Hans S Vindenes, Arne Tveit, Roald Samnøy, Anne Turid Bjørnevik, Marie Bruarøy (komm.repr.), Magne Djuvik (komm.repr) og prost Kristin Litlere.

Følgjande vararepresentantar møtte:

Ingen.

Dessutan møtte: kyrkjeverje for Os og Fusa Kristine Fjeld, kyrkjeverje i Os Gerhard Hansen og assisterande kyrkjeverje for Os og Fusa Harald Geir Sæther.

SAKSLISTE:

Saksnr.: Sak Tekst:

SKRIV/MELDINGAR

SAK:		ARKIV
2019/001	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 5. DESEMBER 2018.	019
2019/002	GRAVPLASSVEDTEKTER FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	501.2
2019/003	REGLAR FOR DEKKING AV KREMASJONS- AVGIFT I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE – FORSLAG	154
2019/004	FESTEAVGIFT OG BETALINGSSATSAR FOR UTANBYGDS GRAVLEGGING	154
2019/005	BETALINGSREGLAR FOR KYRKJELEG SEREMONI VED GRAVFERD – FOR UTANBYGDS OG IKKJE-MEDLEMER AV DEN NORSKE KYRKJA	154
2019/006	REGLAR FOR BRUK AV KYRKJE VED GRAVFERD	410
2019/007	RETNINGSLINER FOR BETALING AV UTANBYGDS OG IKKJE-MEDLEMER AV DEN NORSKE KYRKJA NÅR DET GJELD VIGSLAR	154
2019/008	REGLAR OM BETALING FOR BRUK AV KYRKJENE I BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	415

2019/009	RUTINAR FOR VARSLING	201
2019/010	STATUS FRAMDRIFT «VIRKSOMHETS- OVERDRAGELSE», ARBEIDSAVTALAR M.V.	209
2019/011	ADMINISTRATIV LEIARSTRUKTUR – ORIENTERING	011.2
2019/012	EIGAR AV TUNET FRÅ 2020	421
2019/013	EIGAR AV NØTTELITEN BARNEHAGE FRÅ 2020	039
2019/014	EIGAR AV FUSA FRIVILLIGSENTRAL FRÅ 2020	016
2019/015	STATUS SAMARBEIDS- OG TENESTEYTINGSAVTALE MELLOM KOMMUNE OG KYRKJE I BJØRNAFJORDEN	110
2019/016	AKTUELLE TEMA SOM MÅ AVKLARAST MED KOMMUNEN	110
2019/017	STATUS KYRKJELEG FELLESNEMND SINE INVESTERINGAR I 2019	112
2019/018	GJENNOMGANG AV FASE 4 I KYRKJELEG FELLESNEMND SIN FRAMDRIFTSPLAN – STATUS	020
2019/019	REKNESKAP 2018 – GODKJENNING	133
2019/020	VAL AV REKNESKAPSFØRAR FRÅ 2020	139

Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste.

Rett utskrift,

Fusa kyrjekontor, 5649 EIKELANDSOSEN
den 7. mars 2019

Harald Geir Sæther
prosjektleder/assisterande kyrkjeverje

SKRIV/MELDINGAR

1. Protokoll frå drøftingsmøte 7. februar 2019
2. Referat frå allmøte 19. februar 2019
3. Referat frå møte med rådmennene i Os og Fusa 18. februar 2019

Det var ikkje merknadar til skriv/meldingar.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 5. DESEMBER
2018

Saksnr.: 2019/001
PSU-sak 2019/001

Ark.nr. 019

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Det var ikkje merknadar til møteprotokollen frå 5. desember 2018.

Framlegg til vedtak:

Det er ikkje merknader til møteprotokollen frå 5. desember 2018.

PSU si tilråding:

Det var ikkje merknadar til møteprotokollen frå 5. desember 2018.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Det var ikkje merknadar til møteprotokollen frå 5. desember 2018.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Møteprotokoll frå møte 5. desember 2018.

SAKSUTGREIING:

Møteprotokollen vart sendt ut til alle på e-post 6. desember 2018.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: GRAVPLASSVEDTEKTER FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE
FELLESRÅD

Saksnr.: 2019/002
PSU-sak 2019/002

Ark.nr. 501.2

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Gravplassvedtektene vert vedteke, men med følgjande endringar:

1. Under namna minnelund i §11 skal ein nytte malen for vedtekter alt. 1 i staden for alt.2 der ein skal kunne feste urnegrav ved sidan av.
2. Det skal ikkje kunne dispenserast frå vedtektene § 7, 3. ledd, og det skal fjernast frå § 16.

Framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd vedtek framlegg til gravplassvedtekter slik som tilrådd.

Fellesframlegg til vedtak:

Gravplassvedtektene vert vedteke, men med følgjande endringar:

1. Under namna minnelund i §11 skal ein nytte malen for vedtekter alt. 1 i staden for alt.2 der ein skal kunne feste urnegrav ved sidan av.
2. Det skal ikkje kunne dispenserast frå vedtektene § 7, 3. ledd, og det skal fjernast frå § 16.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes fellesframlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

1. Framlegg til gravplassvedtekter for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Innleiing

I Bjørnafjorden kommune vil vi få 13 gravplassar.

Os sokneråd og Fusa sokneråd har i dag ulike vedtekter. Vi har drøfta administrativt korleis vi skal handtere dette i Bjørnafjorden då vi må ha like reglar for alle gravplassane våre når det gjeld t.d. gravminne, steinfliser kring plantefelt m.v.

Ein vil derimot finne ulike reglar når det gjeld t.d. korleis kvar einskild gravplass kan nyttast. Det skuldast ulik kapasitet, og særbestemmelsar må lagast. Under vegs i prosessen har ein hatt kontakt med bispedømekontoret for ein del råd.

Når Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd har gjort sitt vedtak skal vedtektene sendast til Bjørgvin bispedømmeråd for godkjenning. Vedtekter for gravplassane vert sett på som ei forskrift og skal kunngjerast i tråd med formkrav etter forvaltningslova § 38 når dei er godkjende av bispedømmerådet.

Dei største endringane i føreslåtte vedtekter samanlikna med dei som er i Os og i Fusa no

Det er gravferdslov og forskrifter til gravferdslova som regulerer mykje. Men likevel er ein del lagt lokalt å ta stilling til. Dette har ein prøvd å få med i vedtektene. Det vert vist til vedlegget. Noko frå forskriftene til gravferdslova er trekt fram i dei lokale vedtektene, dette for å kunne gje folket best mogleg informasjon i vedtektene utan at dei må setje seg inn i gravferdslova og forskrifta til lova.

§ 3 «Rett til grav»

I vedtektene § 3 står om «Rett til grav». Ein ser at når det gjeld personar utan bustad i kommunen regulerer ein korleis ein tillet det, og at ein skil mellom Os sokn og Fusa sokn. Bakgrunnen for det er både kapasitet og tilgang til urnegraver. For ein del år tilbake vedtok ein i vedtektene i Fusa at ein ikkje ønskte at alle som ønskjer det skulle gravleggjast i kommunen. Bakgrunnen for det var at ein såg at i enkelte område av kommunen fekk ein spørsmål frå folk med fritidsbustadar om gravleggingar. Med ein desentralisert struktur og små gravplassar ville ein kome skeivt ut viss ein gav fritt fram for all gravlegging. Ei viss regulering vart gjort, og meiner at ein har fått stadfesta at det var riktig å gjere det slik

§ 4 «Fredningstid og festetid»

I denne paragrafen ser ein i 2. ledd ein del særbestemmelser som ein må ha med om dei skal gjelde. Desse er delvis vidareført frå tidlegare godkjende vedtekter. Frigravperioden er 20 år, og i 3. ledd ser ein at feste kan fornyast med 5 år om gongen. I § 10 ser ein at det er høve til å gje dispensasjon frå 5-årsregelen.

§ 5 «Grav og gravminne»

I denne paragrafen har ein følgt Os sokneråd sin praksis på to område og som ein praktiserer annleis i Fusa. Det gjeld at gravminnet vert satt opp på den først brukte grava på ein gravstad, og det skal ikkje midtstillast på grav seinare. Den andre forskjellen er at ein godkjenner ikkje

ei bedplate kring plantefeltet, men det skal vere tre rette steinfliser som flukter med bakken kring. Det siste punktet tilrår ein då dei fleste gravplassane er i skrått terreng og det er vanskeleg å få bedplate til å ligge i tråd med terrenget. Det fører fort til skade på materiell når ein steller gravplassen. Ved å setje opp gravminnet på den først brukte grava forenkler det vedlikehaldet.

§ 6 «Gravstellavtalar»

Både i Os og i Fusa har vi eldre gravstellavtalar som er innbetalt for mange år fram i tid. I Os har ein avvikla dette og inngår berre årsavtalar. Det same gjer vi i Fusa frå 2019. Dei gamle avtalane vil halde fram. Ein rår til at dei nye avtalane vert årlege.

§ 10 «Dispensasjon frå vedtektene»

I vedtektene legg ein opp til høve for dispensasjon på fem område:

- § 4, 3. ledd om at det kan gjevast dispensasjon om fornying av feste, og då tenkjer ein kortare tid om nokon har betalingsvanskar
- § 5, 2. ledd om at gravminne kan monterast tidlegast 6 mndr etter gravlegging. Det tek normalt ein del tid før gravminne vert sett opp, men ved urnegrav vil ein normalt kunne få satt opp gravminne før det er gått 6 mndr.
- § 5, 3. ledd om at alle gravminne skal stå på fundament. Der kan ved heilt spesielle høve skje at det er unødvendig med fundament
- § 7 der det kan vere at ein får spørsmål om å bruke bårerom for andre høve enn det som står omtala i paragrafen
- § 8, 2. ledd vedr at arbeid skal skje på kvardagar innanfor tida kl.07-18. Der kan vere situasjonar der arbeid må skje etter kl.18 – både av entreprenørar, eigne tilsette og ikkje minst dugnadsarbeid.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: REGLAR FOR DEKKING AV KREMASJONSAVGIFT I BJØRNA-
FJORDEN KOMMUNE - FORSLAG

Saksnr.: 2019/003
PSU-sak 2019/003

Ark.nr. 154

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

1. Kyrkjeleg fellesnemnd ber kommunal fellesnemnd vurdere vidareføring av dekking av kremasjonsavgifta slik Os kommune gjer i dag for sine innbyggjarar. Årleg kostnad vil utgjere inntil kr.600.000,- i Bjørnafjorden kommune.

Grunngjeving:

Å halde oppe og auke talet bisettingar vil vere kostnadseffektivt då arealbehovet vil bli vesentleg mindre i framtida og dermed investeringsbehovet. Ein meiner at dekking av kremasjonsavgifta har stimulert folk i Os til å bruke urnegraver i staden for kistegraver. Ei framtidig dekking av avgifta vil stimulere enno fleire til å velje kremasjon.

Framlegg til vedtak:

2. Kyrkjeleg fellesnemnd ber kommunal fellesnemnd vurdere vidareføring av dekking av kremasjonsavgifta slik Os kommune gjer i dag for sine innbyggjarar. Årleg kostnad vil utgjere inntil kr.600.000,- i Bjørnafjorden kommune.

Grunngjeving:

Å halde oppe og auke talet bisettingar vil vere kostnadseffektivt då arealbehovet vil bli vesentleg mindre i framtida og dermed investeringsbehovet. Ein meiner at dekking av kremasjonsavgifta har stimulert folk i Os til å bruke urnegraver i staden for kistegraver. Ei framtidig dekking av avgifta vil stimulere enno fleire til å velje kremasjon.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Os kommune har i fleire år dekkja kremasjonsavgifta for sine innbyggjarar. Denne praksisen har ein ikkje hatt i Fusa.

Kremasjonsandelen i Os og Fusa

Medan kremasjonsandelen av gravferdene har auka til overkant av 50% i Os er det liten tradisjon for bisetting og kremasjon i Fusa. Interessant er det likevel å sjå at ein i 2018 hadde fem bisettingar der folk var busett i Fusa. Gjennomsnittet dei siste 15 år er 1,6 pr år. Framtida vil vise om det er ei endring som er på gong, eller om det er tilfeldig at talet i Fusa var så høgt sist år.

Utgifter med ordninga om dekking av kremasjonsavgift vert vidareført

Kremasjon inkl transport utgjer kr.7.709,- pr urne i 2018 . Ein forventar at samla tal på gravferder vil liggje mellom 100 og 120 i Os dei komande åra. Legg ein til grunn 110 gravferder med overkant av 50% bisettingar, kan ein leggje i botn om lag 60 bisettingar (kremasjon).

I Fusa er talet bisettingar låge. Eit fokus på både at bisetting er vanleg praksis i mange kommunar, spesielt større kommunar som har nærleik til krematorium, og at kremasjonsavgifta vil bli dekkja av kommunen - vil kunne auke talet bisettingar også i Fusa sokn. Talet gravferder er gj.sn 42 pr år i Fusa. Legg ein opp til eit ambisiøst mål om å nå 50% i Fusa også i løpet av ein del år, vil ein kunne ha om lag 20 bisettingar pr år.

Evt kostnad for Bjørnafjorden kommune om ein vidarefører praksisen med dekking av kremasjonsavgift vil difor vere om lag:

Kr.7.709,- x 80 = kr.616.720,-.

Ein reknar med at ein ikkje når 80 pr år dei første åra.

Bruk av urnegraver vil redusere arealbehovet i framtida og på den måten spesielt redusere investeringskostnadane mykje. På Kuventræ har ein berekna investeringskostnadane til å vere om lag kr.22.000,- for ei kistegrav og kr.8.000 for ei urnegrav. Eit par som t.d. vel kistegrav med reservert grav ved sidan av utgjer ein investeringskostnad på til saman kr.44.000, mens eit par som vel urnegrav har ein investeringskostnad på kr.8.000,- (inntil fire urner i ei grav).

I Bjørnafjorden kyrkjelege fellelsråd må ein spesielt setje fokus på korleis ein kan leggje til rette for fleire urnegraver på gravplassane i Fusa sokn. Nokre stadar er det lagt til rette for det.

Likskap for lova!

I dag får dei som vel kremasjon i Os og urna vert sett ned i Os dekkja kremasjonsavgifta. Dei som vel kremasjon og urna vert sett ned i annan kommune, eller dei som ønskjer oska spreidd får ikkje dekkja denne avgifta. Dette er ein praksis som evt må endrast slik at alle vert handsama likt. Dette har ein fått avklara med Bjørgvin bispedømeråd. Ein må halde seg til folkeregisteret for å avgjere kven som skal få dekkja avgifta. Når det gjeld tala for kor mange dette gjeld, varierer det mellom 0-2 kvart år både for dei som ynskjer oskespreiing eller får urna sett ned i ein annan kommune.

Oppsummering

Det er Bjørnafjorden kommune si fellesnemnd som avgjer om ein skal føre vidare praksisen ein har hatt i Os dei seinare åra der innbyggjarane har fått dekkja kremasjonsavgifta. Røynslene må ein kunne seie har vore positiv då talet kremasjonar har auka stort. Det er arealsparande og samla sett kostnadseffektivt.

Prosjektleiar rår til at kyrkjeleg fellesnemnd sender saka vidare til kommunal fellesnemnd med ei positiv tilråding om å halde fram ordninga med å dekke kremasjonsavgifta i Bjørnafjorden kommune. Det vil kunne stimulere enno fleire til å velje kremasjon som igjen vil vere kostnadseffektivt og arealsparande i framtida. Ei vidareføring av utgiftsdekning for kremasjonsavgifta må gjelde alle som er busette i Bjørnafjorden kommune og som vel bisetting - uansett om dei ønskjer urna satt ned på ein gravplass eller om det vert vald oskespreiing.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: FESTEAVGIFT OG BETALINGSSATSAR FOR UTANBYGDS
GRAVLEGGING

Saksnr.: 2019/004

PSU-sak 2019/004

Ark.nr. 154

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

1.Kyrkjeleg fellesnemnd tilrår følgjande festeavgifter i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd for 2020:

Kistegrav kr.603,- pr år

Urnegrav kr.331,- pr år

For avdøde som var busett utanfor kommunen skal det betalast festeavgift frå første år. Punkt 1 vert oversendt Bjørnafjorden kommunestyre for endeleg vedtak.

2. Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek følgjande satsar for gravlegging for utanbygds:

Kistegravlegging kr.9.500,- inkl mva

Urnegravlegging kr.2.500,- inkl mva

Utanbygds gravlegging er regulert i vedtektene for gravplassane i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

Framlegg til vedtak:

1.Kyrkjeleg fellesnemnd tilrår følgjande festeavgifter i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd for 2020:

Kistegrav kr.603,- pr år

Urnegrav kr.331,- pr år

For avdøde som var busett utanfor kommunen skal det betalast festeavgift frå første år. Punkt 1 vert oversendt Bjørnafjorden kommunestyre for endeleg vedtak.

2. Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek følgjande satsar for gravlegging for utanbygds:

Kistegravlegging kr.9.500,- inkl mva

Urnegravlegging kr.2.500,- inkl mva

Utanbygds gravlegging er regulert i vedtektene for gravplassane i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

1.Bakgrunn:

Både i Os kommune og i Fusa kommune vert det kravd festeavgifter for graver i tråd med lov og forskrifter. Festeavgifter vert fastsett av Bjørnafjorden kommunestyre i møte som er planlagt 17. desember 2019

2.Når må ein betale for ei grav?

Alle innbyggjarane i Bjørnafjorden har rett til fri grav. Når ein person dør og får tildelt ei grav er det ei frigrav, dvs utan betaling i 20 år. Etter 20 år vert det ei festegrav og den må betalast for om ein vil ha grava vidare.

Ved bruk av ny grav, kan det reserverast ei grav ved sidan av. Den reserverte grava er ei festegrav frå første dag, og det må betalast festeavgift for 20 år ved etablering.

Ei festegrav kan fornyast for 5 år om gongen inntil 60 år etter siste gravlegging. Dette står meir om i vedtektene for gravplassane i Bjørnafjorden kyrkjelege felle råd.

3.Avgifter i 2019

Avgiftene i Os og Fusa er slik i 2019 (pr år)

	Os	Fusa
A. For avdøde som var busett i kommunen		
Festeavgift kistegrav	kr.588,-	kr.550,-
Festeavgift urnegrav i urnefelt	kr.323,-	kr.300,-
Reservasjon av grav	kr.588,-	kr.400,-

Døme:

Ein frå Os som ønskjer å reservere ei grav må i dag betale kr.11.760,-, og har då reservert den for 20 år. I Fusa må ein som ønskjer å reserve ei grav betale kr.8.000,- for 20 år. Når det gjeld fornying av gravfeste er det små skilnadar mellom Os og Fusa i dag.

B. For personar som var busett utanfor kommunen

For utanbygds som ønskjer gravlegging i kommunen gjeld i dag følgjande satsar:

	Os	Fusa
Festeavgift frå første dag - kistegrav	kr.588,-	kr.550,-
Festeavgift frå første dag – urnegrav	kr.323,-	kr.300,-

Døme:

Alle har rett på fri grav i sin heimkommune. Ved reservasjon av grav må det betalast frå dag ein. For utanbygds har ein i fleire år krevd betaling i Os og Fusa på same vis som mange andre kommunar, frå dag ein.

Festeavgifta er ganske lik for Os og Fusa. I Fusa må ein utanbygds i dag som ønskjer kistegrav betale kr.11.000,- for 20 år. Er det ønskje om reservasjon i tillegg, vil samla kostnad bli kr.22.000,-. I Os vil avgifta for to graver utgjere kr.23.520,-.

Utanbygds må også betale for gravlegging, og der er følgjande satsar i 2019:

	Os	Fusa
Gravlegging kiste	kr.9.500,- inkl mva	kr.6.180,-
Gravlegging urne	kr.2.500,- inkl mva.	kr.2.450,-
Administrasjonskostnader	kr.0,-	kr.500,-

I Os har netto noko lågare utgifter til gravlegging, men moms kjem i tillegg.

4.Andre kommentarar

Os og Fusa har høge festeavgifter samanlikna med mange kommunar. I Bergen ligg avgiftene høgare enn det vi har i Os og i Fusa. I Bergen i 2018 var festeavgift for kister kr.615,-, for urnegraver kr.479,- og for urnegraver i minnelund kr.239,-.

5.Prosjektleiar si tilråding

Prosjektleiar rår til at ein legg avgiftene i Os i botn for evt endringar, men at auka i 2020 ikkje vert høgare enn forventa prisvekst; dvs om lag 2,5%. Dette vert endeleg regulert i Bjørnafjorden kommune si sak om avgifter som skal vedtakast av kommunestyre i desember 2019.

Avgiftene må også sjåast i samanheng med vedtektene som vert fastsett av kyrkjeleg fellesnemnd. Den avgrensar til ein viss grad t.d. gravferdsformar for utanbygds, og kven som kan krevje utanbygds gravlegging.

Ein rår til følgjande satsar for festeavgifter for 2019:

Festeavgift kistegrav: kr.603,-

Festeavgift urnegrav: kr.331,-

Utanbygds må betale festeavgift frå første dag.

For utanbygds gravlegging tilrår ein å følgje Os sokneråd sine satsar:

Kistegrav: kr.9.500,- inkl mva

Urnegrav: kr.2.500,- inkl mva

Ein vil presisere at avgiftene i Bjørnafjorden kommune er høge samanlikna med mange andre kommunar.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: BETALINGSREGLAR FOR KYRKJELEG SEREMONI VED GRAVFERD
- FOR UTANBYGDS OG IKKJE-MEDLEMER AV DEN NORSKE
KYRKJA

Saksnr.: 2019/005
PSU-sak 2019/005

Ark.nr. 154

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

**Kyrkjeleg fellesnemnd tilrår følgjande betalingssatsar for kyrkjeleg seremoni ved gravferd når det gjeld utanbygds og ikkje-medlemmer av Den norske kyrkja:
Leige av kyrkja kr.2.500,-
Reelle løns- og køyreutgifter.**

Framlegg til vedtak:

**Kyrkjeleg fellesnemnd tilrår følgjande betalingssatsar for kyrkjeleg seremoni ved gravferd når det gjeld utanbygds og ikkje-medlemmer av Den norske kyrkja:
Leige av kyrkja kr.2.500,-
Reelle lønsutgifter og køyreutgifter, til vanleg om lag kr.4.700,- inkl mva.**

Fellesframlegg:

Som framlegget, men «, til vanleg om lag kr.4.700,- inkl mva» går ut.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes fellesframlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

Sak 2019-005 held fram
Betalingsreglar for kyrkjeleg seremoni ved gravferd for utanbygds m.v.

- side 2 -

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Både i Os sokn og i Fusa sokn tek ein betaling for bruk av kyrkjene ved gravlegging av personar som var busett utanfor kommunen. Det same gjeld om ein utfører seremoni for ikkje-medlemmer av Den norske kyrkja. Dette vert praktisert i fleire kommunar. Det er ikkje ofte ein har slike gravleggingar, men vil i Bjørnafjorden kunne skje opp til kanskje fem gongar i året. Det er viktig å presisere at alle som er medlemmer i Den norske kyrkja og busett i kommunen har ingen kostnader med omsyn til kyrkjeleg seremoni ved gravferd.

Noverande betalingssatsar

Det er i dag følgjande satsar for kyrkjeleg seremoni:

	Os	Fusa
Leige av kyrkja	kr.2.500,-	kr.1.000,-
Lønsutgifter for kyrkjetenar og kontor og køyreutg.	Kr.2.400,- + evt tillegg	ca kr.3.500,-
Administrasjonsutgifter	kr.0,-	kr.500,-

Bakgrunnen for satsane:

Leige av kyrkje er låg i Fusa i dag, og Os har nok ei meir reell leigeinntekt. I Fusa legg vi i botn reelle lønsutgifter for våre medarbeidarar og evt køyreutgifter. Vi har også administrasjonskostnader som vi har sett til kr.500,-for administrering av seremonien.

Tilråding

Prosjektleiartilrå at ein legg i botn leige kr.2.500,-. Dessutan skal reelle lønsutgifter refunderast, om lag kr.4.700,-. Utgifter for prest vert organisert gjennom bispedømekontoret.

Ved nokre høve kan det vere at andre kristne trussamfunn har medarbeidarar med seg og det vert mindre bruk for fellesrådet sine tilsette. Då vil utgiftene verte lågare for dei som sørgjer for gravferdsseremonien i kyrkja.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: REGLAR FOR BRUK AV KYRKJER VED GRAVFERD OG KYRKJELEG SEREMONI

Saksnr.: 2019/006

PSU-sak 2019/006

Ark.nr. 410

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

1. Ved kyrkjeleg seremoni ved gravferd fastset kyrkjeverja kva for kyrkje som skal nyttast.
2. Saka vert oversendt Os sokneråd og Fusa sokneråd for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Ved kyrkjeleg seremoni ved gravferd fastset kyrkjeverja kva for kyrkje som skal nyttast.
2. Saka vert oversendt Os sokneråd og Fusa sokneråd for godkjenning.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget..

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Når gravferd skal fastsetjast er det ofte mange omsyn å ta. Blant anna har folk ofte ønskje om kva kyrkje som skal nyttast og tidspunkt. Ikkje alltid vil ein kunne kome i møte desse ønskja då det kan kollidere med andre avtala arrangement i kyrkjene, anna fastsett bruk av medarbeidarane m.v. Ved nokre høve må ein difor fastsetje gravferda frå ei anna kyrkje enn

det som er ønske frå familien si side, og til andre tidspunkt. Dette gjeld nok spesielt for Os kyrkje. Os sokneråd har hatt eit punkt om dette med i kyrkjegardsvedtektene fram til no. Ein ser det som naturleg at dette i framtida vert gjort eige vedtak om.

Etter kyrkelova sine bestemmelser er det soknerådet som avgjer bruk av kyrkja. Difor rår ein til at saka vert oversendt Os sokneråd og Fusa sokneråd for godkjenning.

Prosjektleiari rår til at denne mynda vert delegert til kyrkjevevja.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: RETNINGSLINER FOR BETALING AV UTANBYGDS OG IKKJE-MEDLEMER AV DEN NORSKE KYRKJA NÅR DET GJELD VIGSLAR

Saksnr.: 2019/007
PSU-sak 2019/007

Ark.nr. 154

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

A.

1. Brurefolk som er busette i kommunen og der minst ein er medlem i Den norske kyrkja har rett til fri vigsel i kyrkjene i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.
2. Der ein av brurefolka har budd delar av oppveksten i kommunen og der minst ein er medlem i Den norske kyrkja får fri vigsel.
3. Utanbygds som ikkje kjem inn under punkt 2 og ikkje-medlemer i Den norske kyrkja som ønskjer kyrkjeleg vigsel må betale etter gjeldande reglar.

B.

For dei som må betale for vigsel legg ein i botn følgjande:

Leige av kyrkja	kr.2.500,-
Betaling for personell	Reelle løns- og køyreutgifter

Framlegg til vedtak:

A.

1. Brurefolk som er busette i kommunen og der minst ein er medlem i Den norske kyrkja har rett til fri vigsel i kyrkjene i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.
2. Der ein av brurefolka har budd delar av oppveksten i kommunen og der minst ein er medlem i Den norske kyrkja får fri vigsel.
3. Utanbygds som ikkje kjem inn under punkt 2 og ikkje-medlemer i Den norske kyrkja som ønskjer kyrkjeleg vigsel må betale etter gjeldande reglar.

B.

For dei som må betale for vigsel legg ein i botn følgjande:

Leige av kyrkja	kr.2.500,-
Betaling for personell	Faktiske lønsutgifter, for tida ca kr.3.500,-
Administrasjonsutgifter	kr.500,- + mva

Fellesframlegg:

Som framlegget, men med følgjande endringar:

1. Under pkt. B om betaling av personell skal det stå «Reelle løns- og køyreutgifter»
2. Administrasjonsutgifter går ut.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes fellesframlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Både i Os og i Fusa har ein reglar for betaling for vigslar når det ikkje er medlemmer av Den norske kyrkja eller at det er utanbygds som ønskjer vigsel i kommunen. Dei som er medlem i Den norske kyrkja har rett til fri vigsel i sin heimkommune (der ein er registrert i folkeregisteret).

Reglar/Rutinar i Fusa sokn og Os sokn

I Fusa held ein seg prinsipielt til folkeregisteret. Er ein av dei som skal gifte seg busett i Fusa har ein rett til fri vigsel. Er ingen busett i Fusa (registrert i folkeregisteret), er det betalingsplikt. Det gjeld uansett om vedkomande er vakse opp i kommunen eller budd delar av sitt liv i kommunen.

I Os vurderer ein meir om begge eller ein av brurefolka har ein relasjon til Os, og evt kva relasjon, før ein tek stilling til evt betaling.

Betaling for bruk av personell og kyrkjene i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Ein ser føre seg betalingssatsar for leige av kyrkja og faktiske lønsutgifter. Bjørgvin BDR har ansvar for prestane. Ved andre høve kan det vere at brurefolka sjølve har med seg t.d. prest og/eller organist. Då vil det bli betaling for leige av bygg og bruk av kyrkjetenar.

Prosjektleiari si tilråding

A. Reglar for kven som skal betale

Det kan gjerast vedtak om å sjå bort for all betaling ved vigsel, men ein rår til at det vert betalt ved ein del høve.

Prosjektleiari ser to alternative løysingar:

1. Det mest prinsipielle er at ein held seg til folkeregisteret når ein avgjer evt betaling. Viss eit av brurefolka er busette i kommunen har ein rett til fri vigsel. Andre må betale. Det same gjeld at ein må vere medlem av Den norske kyrkja for å få fri vigsel. Ikkje-medlemmer må betale.
2. Det andre går meir på vurderingar. Skal det ha noko å seie om ein har gått på skule i Bjørnafjorden i oppveksten? At ein har budd andre delar av livet i kommunen? At foreldre bur i kommunen? Går ein inn på slike vurderingar, kan det raskt bli forskjellsbehandling.

Prosjektleiari rår til følgjande:

1. Brurefolk som er busette i kommunen og der minst ein er medlem i Den norske kyrkja har rett til fri vigsel i kyrkjene i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.
2. Der ein av brurefolka har budd delar av oppveksten i kommunen og der minst ein er medlem i Den norske kyrkja får fri vigsel.
3. Utanbygds som ikkje kjem inn under punkt 2 og ikkje-medlemmer i Den norske kyrkja som ønskjer kyrkjeleg vigsel må betale etter gjeldande reglar.

B. Betaling for bruk av personell og kyrkjene ved vigsel i Bjørnafjorden

Prosjektleiari rår til følgjande:

For dei som må betale for vigsel legg ein i botn følgjande:

Leige av kyrkja kr.2.500,-

Betaling for personell faktiske lønsutgifter, for tida ca. kr.3.500,-

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: REGLAR OM BETALING FOR BRUK AV KYRKJENE I
BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

Saksnr.: 2019/008

PSU-sak 2019/008

Ark.nr. 410

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til reglement for utleige av kyrkjene som er eigde av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til reglement for utleige av kyrkjene som er eigde av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

- Framlegg til reglement for betaling for leige av kyrkjene i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd**

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Det vert vist til vedlegget som syner framlegg til reglar om betaling for bruk av kyrkjene i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Prosjektleiar legg fram eit forslag til reglement som ein tilrår vert vedteke. Reglementet må sendast Bjørgvin bispedømeråd for godkjenning.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: RUTINAR FOR VARSLING

Saksnr.: 2019/009
PSU-sak 2019/009

Ark.nr. 201

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til rutinar for varsling slik dei ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek framlegg til rutinar for varsling slik dei ligg føre.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

- 1. Rutinar for varsling om kritikkverdige tilhøve i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, langversjonen**
- 2. Rutinar for varsling (kortversjonen) og skjema for bruk ved varsling**
- 3. Skjema for oppfølging av varsling**

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Denne saka var oppe i kyrkjeleg fellesnemnd sitt møte den 5. desember 2018, sak 2018-034. Saka vart utsett.

Saka vert fremja på nytt der ein har meir utfyllande rutinar for varsling. Os sokneråd har i dag rutinar for varsling. Dette er lagt til grunn saman med rutineane som Bjørgvin bispedømeråd har vedteke. Rutinar for varsling er ein del av HMT-systemet i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

Det vert vist til vedlegga i saka.

Prosjektleiari rår til at rutineane for varsling som ligg føre vert vedtekne.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: STATUS FRAMDRIFT «VIRKSOMHETSOVERDRAGELSE»,
ARBEIDSAVTALAR M.V.

Saksnr.: 2019/010

PSU-sak 2019/010

Ark.nr. 209

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Saka vart teken til etterretning.

Framlegg til vedtak:

Saka vert teken til etterretning.

PSU si tilråding:

Saka vart teken til etterretning.

EDTAK I FELLESNEMNDA:

Saka vart teken til etterretning.

Trykte saksdokument:

1. Standardbrev om «virksomhetsoverdragelse»

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

I samband med etablering av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vil alle tilsette i Os sokneråd og Fusa sokneråd få ny arbeidsgjevar. Vi har difor sett i gong prosessen med «virksomhetsoverdragelse».

Kva arbeidsgjevar må få på plass i samarbeid med dei tillitsvalde

Det var møte mellom tillitsvalde og administrativ leiing i Os den 7. februar d.å., og det var orienteringsmøte med alle tilsette både frå Fusa og Os på Tunet i Os den 19. februar.

Alle tilsette får i desse dagar eit orienteringsbrev om «**virksomhetsoverdragelse**» slik at den delen av det som skal gjerast er formelt i orden. Vedlagt følgjer standardbrevet som vi har forma ut. Arbeidstakarane har overkant av to veker på seg om dei vil reservere seg. På allmøte den 19. februar 2019 hadde vi ein gjennomgang av dette brevet med nesten alle tilsette.

Ein vil med det første ta tak i alle sine **arbeidsavtalar** og vidareføre dei. Det er to måtar å gjere det på. Ein kan ha noverande arbeidsavtalar der Os sokneråd og Fusa sokneråd står i dokumenta som arbeidsgjevar. Det andre alternativet er at alle arbeidsavtalar vert vidareført som no, men det vert utarbeidd nye dokument der Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd står som arbeidsgjevar! Det siste er meir arbeidskrevjande, men ein har vald denne måten då det er nyttig å ha ein gjennomgang av kvar sin arbeidsavtale for å vere bevisst kva vilkår kvar enkelt arbeidstakar har med seg inn i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Målet er å få alle arbeidsavtalar underskrive før påske. Møter ein spesielle utfordringar stressar ein ikkje dette, men bruker meir tid.

Saka vert lagt fram til orientering og evt drøfting.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: ADMINISTRATIV LEIARSTURKTUR - ORIENTERING

Saksnr.: 2019/011

PSU-sak 2019/011

Ark.nr. 110

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Saka vart teken til etterretning.

Framlegg til vedtak:

Saka vert teken til etterretning.

PSU si tilråding:

Saka vart teken til etterretning.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Saka vart teken til etterretning.

Trykte saksdokument:

1. Førebels utkast til organisasjonskart leiarstruktur
2. Førebels organisasjonskart på soknenivå og driftsavdeling

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Leiarstrukturen vart fastsett i kyrkjeleg fellesnemnd sitt møte 14. juni 2018. Ein har med jamne mellomrom teke fram organisasjonskartet og sett om dette er vegen å gå. Ny kyrkjeverje for Os og Fusa, avtroppande kyrkjeverje for Os og ass. kyrkjeverje for Os og Fusa har brukt tid på å drøfta dette. Ein held framleis på denne strukturen som vedteke i fellesnemnda der ein har kyrkjeverje som øvste administrative leiar, ein har to daglege leiarar i operativ teneste (der ein er assisterande kyrkjeverje), og ein har ein driftsleiar bygg og anlegg for heile Bjørnafjorden. I dag har ein driftsleiar i Os, og det er den som er tenkt vidareført til å gjelde heile Bjørnafjorden. Det er viktig å få ein organisasjon der det vil fungere godt for kyrkjeverja å vere leiar!

Vi har brukt ein del tid på å finne korleis det med dagleg leiar skal praktisk gjennomførast, for vi ser føre oss at det må på plass ein heilt ny stilling, primært i 100%. Ein er oppteken av at omlegging må skje innan eksisterande rammer og ved evt omdisponering av mannskap. Tankar ein har gjort seg så langt er at ein 50% stilling frå Fusa kyrkjekontor må flyttast over til Os kyrkjekontor, og så må ein lokalt i Os finne dei andre ressursane til ei slik stilling innan eksisterande ramme. Der kan vere fleire måtar å gjere dette på, men det vil ein kome tilbake til i møte med tillitsvalde og orientere dei om. Men ein er tydeleg på at ein kan ikkje forvente auka ressursar frå anna hald til ei slik stilling, det må skje innan eksisterande ramme. Ei endring av stillingsfordeling mellom kontora i Os og Fusa vil også påverke kva arbeidsoppgåver som skal gjerast kor, utan at ein har konkret landa på noko der enno.

Det er også riktig å sjå til kyrkjelova si bestemmelse om § 8 der det står: «*Menighetsrådet kan bestemme at en av soknets tilsatte skal være daglig leder av virksomheten*». Difor er det viktig å trekke soknerådet inn i denne prosessen, og at tilsetting av dagleg leiar skjer i samråd med soknerådet.

Hovudbodskapen i denne saka er at ein held fast ved kyrkjeleg fellesnemnd sitt vedtak gjort i juni 2018 om leiarstrukturen. Saka vert lagt fram for kyrkjeleg fellesnemnd til orientering.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: EIGAR AV TUNET FRÅ 2020

Saksnr.: 2019/012
PSU-sak 2019/012

Ark.nr. 421

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

1. Os sokneråd held fram som eigar av Tunet
2. Det må lagast ein leigeavtale mellom Os sokneråd og Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd /Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, som må leggjast fram for kyrkjeleg fellesnemnd for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Os sokneråd held fram som eigar av Tunet
2. Det må lagast ein leigeavtale mellom Os sokneråd og Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd /Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, som må leggjast fram for kyrkjeleg fellesnemnd for godkjenning.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

1. Os sokneråd si sak 2019/008 om «Tunet – eigarforhold når Os og Fusa slåast saman»

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Ein viser til vedlegget i saka som skisserer ulike sider kring historikk, finansiering, kostnadar i dag, og korleis Os sokneråd ser føre seg framtidig drift og organisering. Ein ser her at det er

eit lokalt engasjement i kyrkjelyden som er sterkt medverkande til at ein har fått på plass eit slikt kyrkje- og kultursenter, og det er viktig at ein også i framtida greier å få eit lokalt brennande engasjement både for bygget og ikkje minst det som skjer inne i bygget av mange ulike verksemdar/aktivitetar. Det gjer at Os sokneråd meiner at soknerådet også i framtida må stå som eigar.

Ein rår til at Os sokneråd framleis skal vere eigar av Tunet, og at det må lagast ein avtale mellom Os sokneråd og Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: EIGAR AV NØTTELITEN BARNEHAGE FRÅ 2020

Saksnr.: 2019/013
PSU-sak 2019/013

Ark.nr. 039

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Nøtteliten barnehage er organisert som ei stifting. Os sokneråd sitt ansvar er avgrensa til å peike ut styremedlemer. Frå 2020 held ordninga fram med at Os sokneråd oppnemner styremedlemer til Nøtteliten barnehage.

Framlegg til vedtak:

Nøtteliten barnehage er organisert som ei stifting. Os sokneråd sitt ansvar er avgrensa til å peike ut styremedlemer. Frå 2020 held ordninga fram med at Os sokneråd oppnemner styremedlemer til Nøtteliten barnehage.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Nøtteliten barnehage er organisert som ei stifting. Soknerådet sitt ansvar er avgrensa til å peike ut to styremedlemer. Her ser ein føre seg at det vil vere Os sokneråd som må oppnemne styremedlemmer også etter 2019.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: EIGAR AV FUSA FRIVILLIGSENTRAL FRÅ 2020

Saksnr.: 2019/014

PSU-sak 2019/014

Ark.nr. 016

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Fusa sokneråd held fram som eigar av Fusa frivilligsentral frå 1. januar 2020.

Framlegg til vedtak:

Fusa sokneråd held fram som eigar av Fusa frivilligsentral frå 1. januar 2020.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

1. Styret for Fusa frivilligsentral si sak 2019/08

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Fusa frivilligsentral vart etablert for om lag 15 år sidan. Etter oppmoding frå Fusa kommune og lag/organisasjonar tok Fusa sokneråd initiativ til å få på plass ein frivilligsentral i Fusa, noko ein lukkast med umiddelbart.

Slik kyrkjeverja ser det er det ikkje noko prinsipp at Fusa sokneråd må stå som eigar for sentralen for all framtid, men ein ser det som viktig at den er lokalt forankra!

Spørsmålet om eigar av Fusa frivilligsentral har vore drøfta fleire gongar. Styret for frivilligsentralen hadde saka opp i møtet den 28. januar 2019, og dei gjorde følgjande vedtak: «Fusa sokneråd vil fortsatt stå som juridisk eigar etter 2020». Styret ønskjer altså at soknerådet framleis skal vere eigar. Det skjer stadig endringar på området, så ein ser føre seg at det kan kome ny drøftingar om eigartilhøve m.v. i løpet av ein del år.

Det kan vere nyttig å vere klar over at frivilligsentralen driv ein bruktbuikk i Eikelandsosen. Overskotet derifrå går halvparten til hjelp for brannskadde born i Etiopia og halvparten til kyrkjelyden sitt barne- og ungdomsarbeid.

Rekneskapen for Fusa frivilligsentral vert ført som ein del av Fusa sokneråd sin rekneskap, men styret har sjølv økonomisk ansvar for si drift. Frivilligsentralen sin rekneskap har tre ansvarsområde; Fusa frivilligsentral, Bruktbuo og Fritidsklubben.

Pr 1. januar 2018 hadde frivilligsentralen ståande på fond kr.143.329,-. Rekneskapen for 2018 er ikkje heilt klar enno, men ein vonar å ha fått styrka fondet noko i løpet av sist år. Også Bruktbuo har eit fond, men det er midlar som vert sett av som følgje av overskotet, og delt ut påfølgjande år til dei to føremåla som er nemnd tidlegare i utgreiinga.

Saka vert lagt fram for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd med tilråding om at Fusa sokneråd held fram som eigar for sentralen også frå 2020 av.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: STATUS SAMARBEIDS- OG TENESTEYTINGSAVTALE
MELLOM KOMMUNE OG KYRKJELEG FELLESRÅD

Saksnr.: 2019/015

PSU-sak 2019/015

Ark.nr. 110

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd vil presisere at arbeidet med ein samarbeids- og tenesteytingsavtale ikkje må stoppe opp. I framdriftsplanen for samanslåing av Os og Fusa sokneråd skal denne avtalen vere på plass seinast juni 2019.

Framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd vil presisere at arbeidet med ein samarbeids- og tenesteytingsavtale ikkje må stoppe opp. I framdriftsplanen for samanslåing av Os og Fusa sokneråd skal denne avtalen vere på plass seinast juni 2019.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU sitt framlegg samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

1. Utkast til tenesteytingsavtale utarbeidd av kyrkjeverjene.

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Både Os sokneråd og Fusa sokneråd har tenesteytingsavtaler med sine respektive kommunar. Fusa sin avtale er meir omfattande og er også kalla for samarbeidsavtale. Der er ein del pliktar som går begge vegar. Det vert vist til utkastet som følgjer saka.

I møte mellom rådmannen i Os og kyrkjevevjene 4. desember 2018 vart ein samd om at kyrkjevevjene skulle lage eit utkast til samarbeids- og tenesteytingsavtale. Dette framlegget vart drøfta i møte 18. februar d.å. mellom rådmennene i Os og Fusa og kyrkjevevjene. Utkastet som vart lagt fram var relativt detaljprega, og ein var samd om at det vil vere betre eigna med ein rammeavtale. Rådmannen i Os lager eit nytt utkast til samarbeids- og tenesteytingsavtale som vert meir rammeprega.

Kyrkjeleg fellesnemnd vil ved å studere vedlegget sjå kva ein har tilrådd å ha med i ein samarbeids- og tenesteytingsavtale. Frå Os vil ein i tillegg spele inn kva sum som skal leggjast i botn for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd sin leigeavtale med Tunet, og så vurdere om det også skal vere med i denne avtalen. Kyrkjeleg fellesnemnd sin vedtekne framdriftsplan for samanslåing av Os og Fusa presiserer at samarbeids- og tenesteytingsavtale skal vere på plass før sommaren 2019.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: AKTUELLE TEMA SOM MÅ AVKLARAST MED KOMMUNEN

Saksnr.: 2019/016

PSU-sak 2019/016

Ark.nr. 110

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Saka vart teken til orientering.

Framlegg til vedtak:

Det låg ikkje føre framlegg til vedtak.

PSU si tilråding:

Saka vart teken til orientering.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Saka vart teken til orientering.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Det er på mange plan det må planleggjast, og det er på mange område ein må ha avklaringar i høve kommunen. Dei faste kvartalsvise møtepunkta mellom prosjektleiinga i kommunen og prosjektleiinga for kyrkja er prega av å vere løysingsorienterte. utfordringane er mange, men slik skal det også vere.

Ein nemner nokre punkt som det vert arbeidd med og som må avklarast ut over våren og hausten dette året.

1. Samarbeids- og tenesteytingsavtalen som ein har drøfta i sak 2019/015
2. Investeringsmidlar 2019. Sjå sak 2019/017.
3. Budsjett 2020 og Investeringsplan 2021-2024. Kyrkjeleg fellesnemnd har vedteke sine investeringsplanar. Dette vil bli følgt opp i vidare samtaler med kommunal prosjektleiing.
4. Driftsbygning på Fusasida. I 2020 må ein investere i maskinpark då ein skal få fast tilsett medarbeidar som skal arbeide med bygg og anlegg i Fusa sokn. I dag kjøper ein desse tenestene. Ein driftsbygning må ein få på plass. Dette vert no følgt opp av kommunal prosjektleiing.
5. Feste- og kremasjonsavgifter. Dette vert fremja som egne saker i dette møtet, og vidare sendt til Bjørnafjorden kommunale fellesnemnd for vidare handsaming.
6. Eigedomsoverdraging. Det er Fusa sokn som juridisk sett eig kyrkjer og gravplassar i Fusa, og Os sokneråd dei som er i Os. I grunnboka står kommunane som eigar av det meste av desse anlegga då det ikkje er rydda opp i før. Ein har tatt dette spørsmålet opp med kommunal prosjektleiing, og dei skal sjå om det er føremålstenleg å rydde i dette no. Elles er ein samd om at det er andre ting som MÅ på plass før 1. januar 2020, og det må prioriterast. Praktiske konsekvensar når kyrkja ikkje står som eigar er at ein ofte då ikkje får nabovarsel – og dermed blir ikkje dokument oversendt til soknerådet, biskop eller bispedømerådet der ein kan eller skal uttale seg.

Der er elles også andre saker som ein må ha samarbeid med kommunen om i tida før og etter samanslåinga.

Noko som ikkje er direkte relatert til samanslåingsprosessen, men som er ei stor sak, kan nemnast utviding av Nore Neset gravplass. Kyrkjeverja har hatt første samtale med kommunen om dette i møtet 18. februar.

Det vert elles vist til referatet frå møtet mellom kommunal og kyrkjeleg prosjektleiing sitt møte den 18. februar, som ligg som skriv/melding i saksdokumenta til dette møtet.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: STATUS KYRKJELEG FELLESNEMND SINE INVESTERINGAR I
2019

Saksnr.: 2019/017

PSU-sak 2019/017

Ark.nr. 112

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek at nødvendige investeringar i tråd med kyrkjeleg fellesnemnd si sak 2018/040 held fram. Det må følgjast opp både politisk og administrativt for å finne ei løysing med dekking av investeringsutgifter som kyrkjeleg fellesnemnd har i samband med samanslåinga.

Framlegg til vedtak:

Fusa kyrkjelege fellesnemnd vedtek at nødvendige investeringar i tråd med kyrkjeleg fellesnemnd si sak 2018/040 held fram. Det må følgjast opp både politisk og administrativt for å finne ei løysing med dekking av investeringsutgifter som kyrkjeleg fellesnemnd har i samband med samanslåinga.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Kyrkjeleg fellesnemnd si sak 2018-040.

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtok sitt investeringsbudsjett for 2019 i møte den 5. desember 2018, sak 2018/040. Der vart det løyvd kr.800.000,-.

I møte med kommunal prosjektleiing 18. februar d.å. fekk ein forståing av at desse midlane framleis er uavklara, jfr referatet frå møtet (følgjer som skriv/melding nr.3 i sakspapira).

Når det gjeld investeringar, har ein ved slutten av 2018 nytta noko midlar til Ecclesia, felles gravregistersystem i Os og Fusa. Dette vil mot slutten av 2019 bli lagt inn som eit felles system for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

Av andre investeringar som må på plass og som ein etter kvart må bruke mykje ressursar på, både tid og økonomi, kan nemnast Kirkepartner (m.a. skashandsamings- og arkivsystem), Agrando (m.a. gudstenesteplanlegging, pesonalplanlegging og registrering av frivillige medarbeidarar) og telefoni (sentral og samrodning mellom Os og Fusa). Der er også behov for fornying av delar av maskinparken på kyrkjekontora.

Saka vert lagt fram for kyrkjeleg fellesnemnd att pga av at det framleis virker å vere uavklara når det gjeld investeringsmidlar for kyrkjeleg fellesnemnd i 2019.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: GJENNOMGANG AV FASE 4 I KYRKJELEG FELLESNEMND
SIN FRAMDRIFTSPLAN - STATUS

Saksnr.: 2019/018

PSU-sak 2019/018

Ark.nr. 020

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd støtter forslaget som ligg i utgreiinga om prioritering av arbeidsoppgåver fram til 2020.

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd støtter forslaget som ligg i utgreiinga om prioritering av arbeidsoppgåver fram til 2020.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

I framdriftsplanen for samanslåing av Os sokneråd og Fusa sokneråd til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd er vi no kome til fase 4 – som er perioden frå januar 2019 – juni 2019.

Dette er fase 4 av 6, som også er kalla implementeringsfasen. Det som står av oppgåver komande halvår er følgjande:

1. Klargjere ny organisasjon
2. Følgje opp etterslep frå fase 3 – organisering, felles reglement, instruksar, vedtekter m.v.
3. Klargjering av rekneskapssystem og arkiv/sakshandsamingssystem – IKT-løysingar
4. Arbeidsavtalar på plass for alle tilsette
5. Avtalar om evt tenesteyting mellom kommune og fellesråd
6. Førebu kyrkjeval 2019 (samarbeid med kommune, praktisk gjennomføring m.v.)

Ein kort gjennomgang av kvart punkt og status

1. Klargjere ny organisasjon

Vi arbeider for tida med å få på plass endeleg leiarstruktur og organisasjonskartet elles. Det har gjennomført eit allmøte med fokus på fleire sider ved organisasjonen vår, og m.a. tema om arbeidsavtalar, oppmøteplass, arbeidsoppgåver, stillingsnemningar m.v.

2. Følgje opp etterslep frå fase 3 – organisering, felles reglement, instruksar, vedtekter

Vi er kome godt i gong ved at vi har vedtatt mange reglement og retningslinjer, og dette møtet pregar også å få på plass felles reglement og vedtekter.

3. Klargjering av rekneskapssystem og arkiv/sakshandsamingssystem – IKT-løysingar.

Vi er så vidt kome i gong med dette, og det vil få høgast prioritet når ein har fått ut brev om verksemdsoverdraging til alle arbeidstakarane og arbeidsavtalar er underskrive, sjå pkt 4. under.

4. Arbeidsavtalar på plass for alle tilsette.

Brev til alle arbeidstakarane om verksemdsoverdraging skal vere utlevert innan 10. mars. Det er eit mål å ha alle arbeidsavtalar på plass før påske. Det kan vere at ein treng noko ekstra tid med enkelte arbeidsavtalar. Det vil bli gjennomført minimum ein samtale med kvar einskild arbeidstakar i samband med dette.

5. Avtalar om evt tenesteyting mellom kommune og fellesråd

Det har vore to møte mellom kommunal og kyrkjeleg prosjektleiing. Etter møtet 18. februar skal kommunal prosjektleiing kome med eit forslag til samarbeidsavtale som inkluderer tenesteyting.

6. Førebu kyrkjeval 2019 (samarbeid med kommune, praktisk gjennomføring m.v.)

Kyrkjevalet er viktig. Det vert ei meir omfattande gjennomføring i år enn tidlegare då der er skjerpa ein del krav til å motta røyster. Dette vil bli arbeidskrevjande, noko det også har vore ved tidlegare val.

Prioriterte oppgåver framover:

Vi er i ein hektisk fase når det gjeld bygginga av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Det viser m.a. sakstilfanget til dette møtet. Samstundes held ein som nokon lunde framdriftsplanen som kyrkjeleg fellesnemnd vedtok heilt i starten av prosessen. Både i Os sokn og i Fusa sokn har vi store oppgåver som ligg føre i drift og investering i 2019. Det vil bli utfordrande å få alt gjennomført med den omlegginga vi er inne i. Difor vil det vere heilt avgjerande å sjå på kva som må gjerast før 1. januar 2020, og kva som kan vente. Her meiner vi følgjande punkt må på plass:

- Arbeidsavtalar for kvar einskild (mål før påske)
- Leiarstrukturen (sak i dette møtet)
- Arbeidsplassering og arbeidsverktøy. Den praktiske gjennomføringa for alle tilsette vil kanskje bli den største utfordringa – ikkje at arbeidstakarane ikkje vil – men det er det å få alt det nye gjort opp i alt det som skal gjerast til dagleg! Det er viktig å bruke mykje tid på dei nye arbeidsverktøya og der det vil kunne bli ein del endra geografiske ansvarsområde for grupper av tilsette! Dette arbeidet må ein kome i gong med før sommaren, og ein reknar med at ein vil kome langt inn i 2020 før alle briker er på plass.
- Avklaringar med kommunen, jfr referatet frå møte 18. februar 2019 mellom kommunal prosjektleiing og kyrkjeleg prosjektleiing

Så vil ein sjå at der er andre oppgåver ein burde ta tak i. Her må ein etter kvart lage ei liste over kva oppgåver dette er og som må takast tak i når ein har fått det aller viktigaste på plass.

Oppsummering

Det er fullt mogleg å ta opp kva som helst som gjeld fellesnemnda sitt arbeid og framdrifta i prosessen. Ein rår til at fellesnemnda støtter tankane som ligg i denne utgreiinga om kva som må prioriterast fram mot 1. januar 2020.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: REKNESKAP 2018 - GODKJENNING

Saksnr.: 2019/019
PSU-sak 2019/019

Ark.nr. 016

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd sin førebelse rekneskap vert teken til etterretning. Då det er Os sokneråd som fører rekneskapen for fellesnemnda som ein del av soknerådet sin rekneskap, gir ein ansvaret til Os sokneråd å godkjenne rekneskapen for kyrkjeleg fellesnemnd for 2018. Om der er vesentlege avvik i høve det som er skissert i denne saksutgreiinga skal saka fremjast att for kyrkjeleg fellesnemnd.

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd sin førebelse rekneskap vert teken til etterretning. Då det er Os sokneråd som fører rekneskapen for fellesnemnda som ein del av soknerådet sin rekneskap, gir ein ansvaret til Os sokneråd å godkjenne rekneskapen for kyrkjeleg fellesnemnd for 2018. Om der er vesentlege avvik i høve det som er skissert i denne saksutgreiinga skal saka fremjast att for kyrkjeleg fellesnemnd.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

I kyrkjeleg fellesnemnd sitt møte 5. desember 2018 vart sak om rekneskapsprognose for 2018 handsama. Ein hadde som mål å få lagt fram eit endeleg rekneskap 2018 for kyrkjeleg fellesnemnd i dette møtet. Men pga endringar i organisasjonen har ein ikkje greidd å få det til. Ein vonar fellesnemnda har forståing for det. Ein reknar med at rekneskapsprognosen som vart lagt fram i møtet i desember 2018 vil vere ganske lik det endelege rekneskapsresultatet.

Prognosen såg slik ut:

Rekneskapsprognose pr 27.11.2018

	Budsjett 2018	Rekneskapsprognose 2018
Utgifter		
Løn	386.000	549.000
Møtegodtgjersle	50.000	47.000
Reiseutgifter	15.000	10.000
Kurs	6.000	35.000
Driftsutg kyrkjeleg FN	20.000	16.000
Info heimeside	10.000	0
<u>Rekneskap/revisjon</u>	<u>15.000</u>	<u>15.000</u>
<u>Sum utgifter</u>	<u>502.000</u>	<u>672.000</u>
Inntekter		
Tilskot frå kommunal FN	500.000	500.000
Tilskot frå Os sokneråd	0	86.000
<u>Tilskot frå Fusa sokneråd</u>	<u>0</u>	<u>86.000</u>
<u>Sum inntekter</u>	<u>500.000</u>	<u>672.000</u>
<u>Resultat</u>	<u>- 2.000</u>	<u>0</u>

Dei siste kr.200.000,- av kr.500.000,- som vart overført frå kommunen til kyrkjeleg fellesnemnd kom i januar 2019, og det kan difor vere at det beløpet vert ført på 2019-rekneskapen.

Kva gjer ein med rekneskapen 2018 og godkjenning

Kyrkjeleg fellesnemnd har vedteke at Os sokneråd skal føre rekneskapen for fellesnemnda. Prosjektleiari rår difor til at Os sokneråd godkjenner den samla rekneskapen for Os sokneråd inkl. kyrkjeleg fellesnemnd sin rekneskap. Om der vert vesentlege avvik i høve rekneskapsprognosen frå 27. november 2018 må saka fremjast på nytt for kyrkjeleg fellesnemnd.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 06.03.2019

Sak: VAL AV REKNESKAPSFØRAR FRÅ 2020

Saksnr.: 2019/020
PSU-sak 2019/020

Ark.nr. 139

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd vedtek å vidareføre avtalen som Os sokneråd har med Akasia vedr løn- og rekneskapsføring til å gjelde Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, Os sokneråd og Fusa sokneråd. Kyrkjeverja får delegert mynde til å skrive avtale med Akasia regnskap i tråd med innhaldet i prisanslaget gitt i brev av 31.01.2019.

Framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd vedtek å halde fram i 2020 med å bruke Akasia regnskap slik Os sokneråd gjer i 2019. Kyrkjeverja får delegert mynde til å skrive avtale med Akasia regnskap i tråd med innhaldet i prisanslaget gitt i brev av 31.01.2019.

Fellesframlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd vedtek å vidareføre avtalen som Os sokneråd har med Akasia vedr løn- og rekneskapsføring til å gjelde Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, Os sokneråd og Fusa sokneråd. Kyrkjeverja får delegert mynde til å skrive avtale med Akasia regnskap i tråd med innhaldet i prisanslaget gitt i brev av 31.01.2019.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes fellesframlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

1. Prisanslag frå Akasia dat.31.01.2019

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Os sokneråd har i fleire år nytta Aaksia Rekneskap til å føre soknerådet sitt rekneskap. Mens Fusa sokneråd har hatt rekneskap som tenesteyting hos Fusa kommune. Bjørnafjorden ønskjer ikkje å vidareføre ordninga med føring av løn og rekneskap frå 2020, men vil kunne vurdere det att om nokre år. Ein har difor sett det som naturleg å ta ein kontakt med Akasia for å få utvida avtalen til også å gjelde Fusa sokneråd. Det vil seie at frå 2020 vert det tre rekneskap; Bjørnafjorden kyrkjelege fellestråd, Os sokneråd og Fusa sokneråd.

Ein viser til vedlagte prisanslag for føring av rekneskap i 2020. I 2018 har Os sokneråd eit utlegg på om lag kr.270.000,- til Akasia. Ein har fått eit tilbod for rekneskapsføring av våre tre organisasjonar, stort kr.330.000,-. Det vert dessutan eit oppstartsgebyr på kr.30.000,-. Ein ser at det er mykje å spare på at Bjørnafjorden kyrkjelege fellestråd køyrer all løn. Samstundes er der ein del usikkerheitsmoment som spesielt gjeld tal bilag, tal brukarar m.v. Ein bør difor leggje i botn kr.400.000,- første året slik prosjektleiar vurderer det.

Akasia sin rekneskapsmodell er kjent for Os sokneråd, og det vil vere ein føremon i den fasen vi no er inne i med mykje nytt å halde fram å bruke Akasia.

Prosjektleiar rår til at ein inngår avtale med Akasia rekneskap for 2020 og inntil vidare.